



**LUSTER KOMMUNE**

## POLITISK STREIK ONSDAG 28. JANUAR KL. 14.00 – 16.00

Det er varsla politisk streik onsdag 28. januar frå kl. 14.00 – 16.00. Streiken er i samband med forslag til endringar i Arbeidsmiljølova, og streiken er lovleg. Dette vil føre til at vi ikkje kan drifte alle skular/sfo/barnehagar som normalt. Følgjande skular/sfo/barnehagar vert ramma:

- Gaupne skule: Elevane på mellomsteget må gå heim kl. 14.00. SFO må halde stengt frå kl. 14.00.
- Gaupne barnehage: Må halde stengt frå kl. 14.00 og borna må hentast innan den tid.
- Solvorn oppvekstsenter: Barnehage og SFO må halde stengt frå kl. 14.00 og borna må hentast innan den tid
- Luster ungdomsskule: Må halde stengt frå kl. 14.00
- Hafslo barnehage: Må halde stengt frå kl. 14.00 og borna må hentast innan den tid
- Hafslo barne- og ungdomsskule: Elevane må gå heim kl. 14.00. SFO går som normalt
- Jostedal oppvekstsenter: Elevane må gå heim dei to siste timane og følgje bussen heim. Barnehage og SFO går som normalt.
- Indre Hafslo oppvekstsenter: Elevane må gå heim kl. 14.00. SFO og barnehage er stengt .
- Gamlestova barnehage: Dei foreldre/føresette som kan, vert oppmoda om å hente sitt/sine barn kl. 14.00 pga. svært låg bemanning.

**Vi ber om du som forelder/føresett finn løysingar for ditt/dine barn og at du tek kontakt med underteikna om de har spørsmål mm.**

Vi har vurdert ulike løysningar for å kunne halde drifta i gang slik at ikkje foreldre/føresette/born skal bli ramma. Det har dessverre ikkje lukkast å skaffe nok vikarar til å kunne oppretthalde ei forsvarleg drift under streiken, og vi beklagar ulempene dette vil medføre.

**Linda Øvregard Røhme, rektor Gaupne skule, tlf. 57 68 57 42**